



DET NORSKE TEATRET

C 15g 111840

For varme fletter

**VIKING**

**1/2 ASKIM GUMMIVAREFABRIK**



# MOR COURAGE

SKODESPEL I 10 BILETE

av

*Bert Brecht*

*Regi: Knut Thomassen*

*Dekor: Arne Walentin*

Ikke «Courage» — bare en utgift på 50 øre:

# Allers

Ukebladet med det gedigne innhold.

## Spesialforretning i radio

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne en radio som passer.

**GOD SERVICE!** Rimelig avbetaling inntil 12 måneder.

**NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S**

ARBEIDERRADIO

Youngs gate 13, Oslo - Telefon 42 07 37 \*



## Årets modellenet i pelskåpet

av alle skinnsorter til meget lave priser får De ved å konferere med oss. — Avdragsordning ordnes.

*Lillepelt Pels* G. Lillelien & Co.

SKOGV. 8 V. FROGNERV. TELEFON 44 29 10

## Har De gutt eller pike?



Da vet De hva det koster å holde disse med klær.  
Kjøp derfor i en

### SPECIALFORRETNING

Der er utvalget best og erfaringen størst. Hos oss blir både De og barna ornøyd.

**GRENSEN GUTT- OG PIKEKONFEKSJON A/S** Grensen 19, Tlf. 33 46 30

Fru A: Har du hørt at de har så masse billige å pene ting i den manufakturforretningen på hjørnet av Prof. Dahls gt. og Holtegt.?

Fru B: Ja, det har jeg hørt, og nå skal jeg ta en tur dit, å se om det er noe jeg har bruk for.


Gjør det De også!

Hilsen **A.S VAREHUSET NORD**

PROF. DAHLSGT. 5

100 små skritt fra Bogstadveien





*Bert Brecht*

## Det store utvalg

i den lille butikk, like her  
ved Det Norske Teatret

*Babette Parfymeri*<sup>A/s</sup>

Stortingsgt. 18 — Tlf. 41 62 55

## Blomster

til alle anledninger. Vi  
behandler hver bestilling  
med spesiell interesse.

**FREÉSIA  
BLOMSTERFORRETNING**

Sinsenterrassen 6 — Telefon 37 11 13

## FINN HANSEN

Glassmesteri - Glass-sliperi  
Speilfabrikk.

Fredensborgv. 4 og 6 - \*33 37 90

Alt i kjøtt og pølsevarer

Friske grønnsaker

**JOHAN BREKKE A.s**

ELISENBERGVEIEN 19

# URD

*er gaven i år*

*Som en god venn*

kommer URD hver 14. dag  
og bringer alltid noe av in-  
teresse . . . noe hyggelig, noe  
å tenke over, noe nyttig.  
Mange sender et abonnement  
på URD som gave til slekt  
og venner her i landet og  
utlandet.

### *Tenk over*

om ikke en eller flere av  
Deres bekjente ville ha glede  
av URD som gave. Og prisen  
er enda den samme lave:  
kr. 15,— for helårsabonne-  
ment. Kr. 7.50 for halvår.

*Til Sverige og Danmark: kr. 15.60  
for året, kr. 7.80 for halvår.*

*Til utlandet forøvrig: kr. 20.00  
for året, kr. 10.00 for halvår.*

Adresse:

URD, Ø. Slottsgt. 21, Oslo

Tlf. 42 14 02



## Bert Brecht

For norsk publikum er Berthold Brecht fyrst og fremst kjend gjennom «Tolvskillingsoperaen» sin, den største tyske teatersuksessen i mellomkrigsåra. I denne aktualiserte fornyinga av den gamle engelske «Tiggaroperaen» fann Brecht og komponisten Kurt Weil geniale uttrykk for dei stemningane som rådde i Tyskland etter fyrste verdskrigen. Den unge teatermannen hadde då opplevd både krigen og det kaotiske gjennombrotet til den tyske ekspresjonismen, som kravde radikal omvelting og fornying, i samfunnet som i kunsten.

Brecht studerte medisin då han vart utkalla i krigen, og då den var slutt, kom han med i oppreistrørsla i heimbyen, Augsburg. Men hugen hans vart tidleg dregen til teatret, og her slo han igjennom med antikrigsspelet «Trommeln in der Nacht» i 1922, som skaffa han Kleistprisen, og framføring på 120 tyske teater. Han blir no dramaturg hos Max Reinhardt, og legg til rette engelske, spanske og kinesiske stykke for Deutsches Theater, samstundes som han skriv «Im Dickicht der Stadt» med Chicago som miljø. «Edvard II» fritt etter Marlowe og komedien «Mann ist Mann». Seinare blir han knytt som instruktør til Schiffbauerdamm Theater i Berlin, der han arbeidde saman med Helene Weigel, som han vart gift med, og som etter krigen har spela «Mutter Courage» med turneteatret sitt, Berliner Ensemble. — Men det var fyrst hos den revolusjonære ekspresjonisten Erwin Piscator at Brecht fann si sermerkte satiriske form, med dramatiseringa av den komiske krigsheltromanen til Hasek, «Der brave Soldat Sweik», og den fyrste ekspresjonistiske operaen «Mahagonny», som førde han saman med Kurt Weil. Året etter kom så «Tolvskillingsoperaen», som gjorde Brecht til den leiande tyske etterkrigsdramatikaren, og ein av dei nazirørsla tok sikte på å likvidere ved fyrste høve. Ved eit slumpehøve lykkast det han å koma unna til utlandet i 1933. I London skreiv han m. a. «Die Gewehre der Frau Carrar» med emne frå den spanske borgarkrigen, og i Praha skreiv han i 1938 anti-Hitler-stykket «Furcht und Elend des Dritten Reiches», ei rekke dokumentariske scenar om det som gjekk føre seg i heimlandet hans.

## Centrum Kaffeforretning

Akersgt. 41 — Telf. 33 37 58 — 33 25 40

Kom å prøv vår kaffe.

**ALLTID NYBRENT**

Snektermester

**NILS NYGAARD**

Møbel- og innredningsnekkeri.

MARKVN. 30 — OSLO — TLF. 377903

*Solide og pene*

garanterer vi at våre møbler er. De er lager med omhu og følsomhet.

*Møbler, kurver, garn, hjemmestrikkede gensere og jakker, etc.*

**BLINDES UTSALG** Bergsliensgt. 13 - Telefon 69 33 94

# Fr. Sudmann

FARVEHANDEL - Lille Grensen 1 - Telefon 333749

*Når De maling og lakk eller lys skal kjøpe,  
bør De Sudmann i Grensen besøke.*




# Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

Medlem av Norsk Blomstertelegraf

Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser



*Knut Thomassen*



*Arne Walentin*

## **BØNDERNES BANK A/S**

OSLO — SKIEN — STAVANGER — TRONDHEIM

*Alle slags bankforretninger i Norge og utlandet*

«Mutter Courage und ihre Kinde

Skodespel i 10 bilete

Til norsk ved Ra

Regi: Knut

Scenebilete: Ar

Musikken av P

Dei som er med:

Mor Courage	.....	
Katrine	.....	} Borna hennar
Eilif	.....	
Sveitsarosten	.....	
Vervaren	.....	
Fanejunkereren	.....	
Kokken	.....	
Kommandanten	.....	
Feltpresten	.....	
Yvette	.....	
Obersten	.....	
Korporalen	.....	
Skrivaren	.....	

Og så --  
går vi på

FRASCATI





# *Courage*

» — *Ei krønike frå 30-årskrigen*

*av Bert Brecht*

*innvald Skrede*

*Thomasen*

*de Walentin*

*Paul Dessau*

..... *Astrid Sommer*  
..... *Julia Back*  
..... *Alf Malland*  
..... *Magnus Tveit*  
..... *Bjarne Andersen*  
..... *Kåre Wicklund*  
..... *Helge Essmar*  
..... *Øyvind Øyen*  
..... *Gisle Straume*  
..... *Siri Rom*  
..... *Amund Rydland*  
..... *Toralv Brekketo*  
..... *Ragnar Olason*

*Framhald neste side*

**FRASCATI**

Et hyggelig sted  
Åpent til kl. 1

Ung soldat, seinare fenrik .....	<i>Alf Ramsøy</i>
Tymeisteren .....	<i>Trygve Nørve</i>
1. soldat .....	<i>Torbjørn Lein</i>
Bonde .....	<i>Nils Hald</i>
Bondekone .....	<i>Åsta Øoss</i>
Ung bonde .....	<i>Toralv Brekketo</i>
Soldatar og bønder	

Pause etter 4. bilete

Kapellmeister: *Finn Ludt*



*Astrid Sommer*



*Julia Back*



*Siri Rom*



*Gisle Straume*



*Helge Essmar*



*Framhald frå side 7*

I Danmark skriv han, og får framført på Ridderhussalen, «Die Rundköpfe und die Spitzköpfe», ein beisk harselas over dei nazistiske raseteoriane, og samstundes arbeidde han på «Mutter Courage und ihre Kinder». (Om korleis stykket vart til, og kva meining forfattaren har med dette no, sjå side 17 i programmet.)

Berthold Brecht er ein av dei fremste talsmennene for at teatret skal knesetja den moderne kunsten. Samstundes som han er ein beisk motstandar av kunsten for kunsten si eiga skuld. Brecht har alltid hatt eit moralsk, realistisk mål med skodespela sine. Og det gjeld ikkje minst «Mor Courage» — dette biletet på mennesket frå i dag som driv ikring på krigsstraumen og blir ein viljug tenar for mammon i ei verd som har gløymt kva fred er, og ottast den verre enn krigen. — Så bakvend har verda vorti i dag lærer Brecht oss, og med det vil han vel få oss til å tenkje vel over om det trass i to storkrigar på halvthundre år, ikkje finst annan utveg enn endå ein verdskrig.

«Mor Courage» hadde urpremiere i Schauspielhaus i Zürich 1944. I 1948 vart det spela av «Berliner-Ensemble» i Berlin med kona til Brecht, Helene Weigel, i titelrolla, og har gått der sidan.

«Théâtre Populaire» i Paris har og hatt stor suksess med stykket og spelar det framleies.

I Skandinavia har det vori spela på Det Kongelige Theater i København, av Riksteatret i Sverige og på Svenska Teatern i Helsinki. Det er meininga at det no skal opp på Dramaten i Stockholm med Tora Teje i titelrolla. O. D.

## *Paraplyer*      *Regntøy*

**HENRIK BØHM** I AKERSGATEN

# GUDIM

UTSTYR FOR MENN

Telefon 42 48 35

O S L O

Rosenkrantzgt. 21



*Kaffeforretningen Valkyrien A/S*

Kirkeveien 59, (Vinkelgården)

Her i vår forretning  
får De byens beste kaffe.  
Nybrent hver dag.

Tegn Deres livsforsikring i

## GLITNE

DET er virkelig livskunst





*Frå framføringa i Berlin med fru Weigel som «Mor Courage».*



**A/S KARAT** Gullsmedforretning

Torggata 10 — Oslo — Telefon 331270

**G. KROGSETH & Co.**

**BLIKKSLAGERI**

Ruseløkkveien 1 — Tlf. 41 06 66

Spesialitet:

*Ventilasjonsanlegg*



**LIVSTRYG DING  
ANDVAKE**

*Capri*  
*blomster*

Vi lager Deres borddekorasjoner, brudebuketter, blomsterhilsener til alle anledninger og binder vakre kranser.

Stortingsgt. 10 - Tlf. 41 34 33



## Bert Brecht om «Moz Courage».

I ein kronikk i dansk Politikken har Bert Brecht nyst fortalt om då han skreiv stykket i Danmark for 15 år sidan, og kva meining han hadde med det. Her er nokre sitat frå artikkelen:

«Over det grøne venlege Fyen fall det ein mørk skugge. Ute i Austersjøen kunne ein høyre kanondundring. I radioen forkynte låt og ståk som hadde ein fjern likskap med menneskerøyster, at førebuingane til ei stor røvartokt nærma seg slutten. Der eg sat med fullt av koffertar ikring meg, skreiv eg dette skodespelet . . . I motsetnad til dei fleste europeiske land spela teatret i Skandinavia ei rolle. Medan eg skreiv, drømde eg om at åtvaringa frå dramatikaren skulle kunna høyrast frå scenane i nokre av dei store byane, ei åtvaring om at den som vil eta frukost med fanden, lyt ha ei lang skei. Eg har kanskje i så måte vori naiv. Men eg reknar det ikkje for ei skjemsle å vera naiv. Det vart ikkje noko av med dei påtenkte framføringane. Diktarane kan ikkje skrive så snøgt som regjeringane er i stand til å laga krigar. For det å skrive krev tenkjeevne. Altfor snøgt fall teatra i hendene på den store røvaren.

— — —

Det har vori tala mykje om at Mutter Courage ikkje lærer noko av elendet sitt, at ho ikkje i det minste til slutt fatar noko. Det var berre få som skjøna at dette just var den beiskaste og mest lagnadstunge læra i stykket. — Ulykka åleine er ein låk læremeister. Elevane hennar lærer svolt og torste å kjenne, men berre sjeldan svolten etter sanning, og torsten etter å veta. Lidingane gjer ikkje den sjuke lækjarkunnig. Augnevitne, anten dei står nær eller på fråstand, blir ikkje ekspertar. Tilskodarane i året 1948 (då stykket hadde urpremiere i Berlin) og i åra etter såg ikkje brotsverka til Mutter Courage, korleis ho er med i krigen, og korleis ho godtek det å tene pengar på krigen. Dei såg berre fiaskoen og lidingane hennar. Og slik såg dei på Hitler-krigen, som dei hadde vori med på: det hadde vori ein låk krig, og no leid dei. Stutt og godt: det var gått

*Framhald side 18*

*Framhald frå side 17*

som dramatikaren hadde spådd dei. Krigen ville ikkje berre valde dei lidings, men dei kom og til å misse evna til å lære noko av han.

— — —  
Stykket er ikkje i dag eit stykke som har komi for seint, — *etter* ein krig. Skræmande trugar ein ny krig. Ingen talar om han, alle veit om han. Den store mengda er ikkje for krig. Men ein har så mange vanskar. Kunne ikkje dei skaffast or vegen med ein ny krig? — Tente ein ikkje nokså godt i den siste, i alle fall heilt til mot slutten? Finst det likevel ikkje lykkelege krigar og? — Forfattaren spør seg sjølv: kor mange av dei som har sett «Mor Courage og borna hennar», skjønar i dag åtvaringa?»


*Bert Brecht.*



*Magnus Tveit*



*Alf Malland*



## Norsk Allkunnebok

Noregs mest alsidige leksikon, bør De eiga. 10 store band. Spør etter det i næraste bokhandel, eller skriv beinveges til

**FONNA FORLAG - OSLO**



Fornuftig vedlikehold er lønsamt,  
og gjer heim og arbeidsstad fager og uneleg. Eg har  
fyrebiils einaalet av den mønsterverna TO-taburetten.



Målarmeister

**A. DOLVE**

Lofthusveien 37, Grefsen — Telefon 37 11 15 - 37 52 55.

**Norges Kjøtt-  
og Fleskesentral**

Schweigaardsgate 2 (Kjøtthallen)  
Inngang Grønlands torv

Sentralbord 68 35 00

**Norske Meieriers  
Salgssentral**

Bredgt. 10 Sentralbord 681886

*Skal De ha slipt gulvene?*

Henvend Dem til

**B. Bogens Parkettsliperi**

Chr. Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26

*Førsteklasses arbeide garanteres.*

**JOHANSEN & NIELSEN**

**BOKTRYKKERI**

Pilestredet 45 b, Oslo

Sentralbord 60 17 95



**Hotell Bondeheimen**

Rosenkrantzgt. 8

**Kaffistovene**

Rosenkrantzgt. 8 — Torget 8  
Kr. Augustgt. 14 — Storgt. 28

OSLO

Magasin  
du Nord's

VINTERANTREKK  
FOR ALLE STØRRELSER  
TIL ALLE PRISER